

Søknad om dispensasjon frå arealføremål LNF og byggegrense mot sjø.

Grunnen ligg på gbnr 84/4 Kvalvågnes. Eigar er Nils Kvalvågnes.

Søknaden gjeld bygging av parkeringsplass og lovleggjing av veg på gbnr. 84/4 Kvalvågneset - slik den er beskriven i søknaden vår til Alver kommune som har fått saksnr. 22/257.

Parkeringsplassen er no trekt lenger tilbake frå sjøen enn den godkjende parkeringa frå 1977 (sjå søknad med saksnr. 22/257 (vedlegga 1 a-f). Vegen er ein tidlegare gardsveg som har vorte opprusta.

Dispensasjonen er meint å vera permanent.

Når det gjeld nabovarsel er alle naboar tidlegare varsla om at me søker dispensasjon (avkryssa i skjema, sjå vedlegg 7 i sak 22/257). Ingen har hatt innvendingar. Dessutan er alle eigarane av hyttene med på søknaden om byggeløyve og lovleggjing og alle partar har fått kopi av den fullstendige søknaden vår til Alver kommune med vedlegg (saksnr. 22/257). Det synest difor unødvendig å senda nabovarsel på nytt.

03.07.2022

John Ragnar Myking

John Ragnar Myking